

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Knut Vidar Svanheld
Arkivsaksnr.: 20/32-6

Arkiv: L12

Detaljplan for verdsarvsenter til Urnes kyrkje

Rådmannen si tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune vedtek med heimel i plan- og bygningsloven §12-14 å legge forslag til detaljreguleringsplan Besøksenter for Urnes stavkyrkje med føresegner datert 21.01.2021, ut til offentleg ettersyn, etter at følgjande endringar er gjort:

1. Det vert lagt inn maksimal mønehøgd i føresegnene til planen.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

1. Plankart
2. Planføresegner
3. Planomtale
4. ROS-analyse

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Føremålet med planen er å legge til rette for etablering av besøksenter for verdsarven Urnes stavkyrkje. Tomta ein har valt er på om lag 3,0 daa, og ligg sør for krysset mellom Sørsidevegen (Skjolden – Kinsedal) og vegen Ornes (Ornes kai – Urnes stavkyrkje). Det at ein tenkjer etablering av senteret tett på eit 4-arma kryss, gjev utfordringar med omsyn til parkering, trafikkavvikling og trafikksikring. Løysinga det er lagt opp til, er å bruke eksisterande parkeringsplass nord for krysset, og gjere denne einvegskøyrd med innkøyring frå nord. Det gjer at bussar som kjem frå Skjolden køyrer inn på parkeringsplassen og bruker denne som rundkøyring, slik at dei får fronten mot Skjolden att. Då skal dei parkere på innsida av Sørsidevegen, der det skal leggest til rette for 2 bussparkeringar. Det skal lagast gangareal bort til besøksenteret.

Av omsyn til siktliner i planen og generell trafikksikkerheit føreset denne løysinga at det vert 50-sone forbi området. Kommunen kjem til å søkje om redusert fartsgrense som ein del av planarbeidet.

Det vert lagt opp til at det skal kunne etablerast eitt bygg på inntil 1500 m² BRA, og det er ein føresetnad at bygget kan etablerast slik at dette ikkje vert ruvande i landsapsrommet på Ornes.

Planen er fremma av Fortidsminneforeningen, eigar av Urnes stavkyrkje.

Utval som har vedtaksmynde:

Utleggingsmynde: Plan- og forvaltningsutvalet.

Godkjenning av endeleg plan: Kommunestyret.


Fakta:

Urnes stavkyrke vart bygd i 1130-åra, og er saman med kyrkjestaden følgjeleg automatisk freda med heimel i Kulturminneloven. I 1979 vart kyrkja innskriven på UNESCO si verdsarvliste, noko som vart følgt opp i 2005, då kyrkjegarden vart inkludert på verdsarvlista. Ved innskrivinga på UNESCO si verdsarvliste vart det storslåtte fjordlandskapet peika på som eit viktig element for opplevinga av stavkyrkja.

Det har gjennom prosessen vore vurdert 4 forskjellige lokalitetar for etablering av verdsarvsenteret. Den eine var nede på kaia, ei ved parkeringsplassen nord for krysset, ei på motsett side av parkeringsplassen og denne som no har vorte valt sør for krysset.


Illustrasjonen under viser korleis eit bygg kan ta seg ut på denne lokaliteten. Det vert vist til planomtala for omtale av dei andre lokalitetane.

Bilete er teke frå nordsida av krysset og viser tomta. Både biletet og illustrasjonen er henta frå planomtala.



Illustrasjonen viser nokre tre sør for bygget. Det vert lagt opp til at det skal etablerast ein hage i tilknytnad til senteret. Denne skal brukast til å syne korleis landbruksdrift har vore utøvd på Ornes historisk sett.

Dersom ein ser på biletet og plankart, så ser ein at tomta er forma som ein trekant, og at det er ein del høgdeskilnad på tomta. Tomta er utfordrande, og kjem til å setja krav til gjennomtenkte løysingar for at dette skal bli bra. Samstundes gjer vegsystemet at eit bygg vil kunne etablerast med inngang frå to høgdenivå, og tomteplasseringa gjer også sitt til at eit bygg kan underordnast landskapsrommet på Ornes. Det er viktig at det er kyrkja som er det dominerande elementet.



Vurdering:

Dersom ein ser på plankartet, så legg planen opp til at eksisterande parkering skal nyttast som parkering. Det vert lagt opp til nokre få parkeringsplassar på sjølv tomta, men dette er i all hovudsak parkering for tilsette, handikapparkering og areal for varelevering.

Det er utfordrande at parkeringsanlegget ikkje er knytt til senteret, men at ein må krysse to fylkesveggar for å koma fram til tomta. No skal det seiast at det tross alt er liten trafikk på desse vegane, det er mange som går i vegen/ kryssar desse i dag også. Besøkande til kyrkja nyttar seg i stor grad av parkeringsplassen, eller dei går frå kaia dersom dei kjem med ferga utan å ha med seg bil. Samstundes så skal ein hugse på at det er parkeringsplass oppe ved

kyrkja. Denne gjer at det også er trafikk opp til kyrkja. Når ein får besøkssenteret, så må ein freiste å få flest muleg til å gå opp til kyrkja. Det vil redusere fara for uhell mellom bil og gåande. No er det likevel slik at dette er ein fylkesveg, og det er fastbuande opp ved kyrkja, slik at ein får ikkje stengt vegen på annan måte enn å skilte med oppmoding om å parkere nede. Ein må også forvente at folk kjem til å opphalde seg lengre på Ornes når ein får både kyrkja og besøkssenteret som attraksjon.

Fortidsminneforeininga har gjennom planarbeidet uttrykt at dei ikkje ønskjer auka besøkstal til kyrkja grunna slitasje, samstundes som dei vil freiste å gjere tiltak som forlenger sesongen i begge endar av sommaren. Administrasjonen er litt skeptisk til om dette let seg gjere i praksis. Samstundes er parkeringssituasjonen på Ornes ein del av eit større bilete, og må sjåast i saman med trafikktilhøva i Solvorn, då mange parkerer i Solvorn og tek ferga att og fram. Når det gjeld parkering på Ornes så er det også ei kjennsgjerning at det er ikkje klare alternativ utan at det fort går utover dyrka mark eller medfører større inngrep i landskapsrommet, noko som ikkje er akseptabelt sett i forhold til kyrkja.

Luster kommune har fått laga ei trafikkanalyse både av Solvorn og Ornes. Dei trafikale problema ein tidvis har i Solvorn må også sjåast i samanheng med besøk til Ornes stavkyrkje. Rådmann seier ikkje meir om det i denne saka. Når det gjeld analysen for Ornes, så peikar den på nokre utfordringar med vegstandard, kanskje utan å gje klare svar og tilrådingar. Dette heng nok saman med at det er eit utfordrande område å gjere store nye grep i, samstundes som det er svært varierende trafikkmengd gjennom året. Det kommunen trekk fram i denne saka, er at det vert sterkt tilrådd å søkje om 50-sone på deler av vegnettet. Rådmannen viser til at kommunen har bede planleggjar om å dimensjonere for 50-sone, og legg opp til at kommunen søkjer om endra fartsgrense frå kaia og opp til kyrkja, samt for ein strekning på kvar side av krysset langs Sørsidevegen.

Når det gjeld føresegnene, så er desse romlege med tanke på føringar for korleis senteret skal framstå. Det er sett ei maksimal gesimshøgde på 8,0 meter over gjennomsnittleg planert terreng. I planforslaget er det ikkje sett krav om maksimal mønehøgde og/eller sagt noko om takvinkel. Det vert opplyst at sidan Fortidsminneforeininga skal gjennomføre arkitektkonkurranse på bygget, så ønskjer dei at arkitektane skal få så fritt spelarom som muleg til å vere kreative. Rådmannen stør den tilnærminga, då ei må ha som mål at det vert etablert noko som er positivt for området, utan at det tek signaleffekten vekk frå kyrkja. Samstundes må kommunen ha føringar som det er muleg å forvalte etter. Rådmannen rår difor til at det vert teke inn ei maksimal mønehøgde og eventuelt maksimal takvinkel før saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Utover dette viser rådmannen til kart, føresegner og planomtale for ytterlegare informasjon.

Når det gjeld ROS-analysen, så er avsnittet under teke ut derifrå. Dette sumerar opp vurderingane og innhaldet i ROS-analysen, og rådmannen tek ROS-analysen til etterretning.

Det er identifisert følgjande risikoreduserande tiltak:

Fare	Sårbarheits- og risikoreduserande tiltak
Grunntilhøve	I følgje lausmassekart frå NGU består området av elveavsetningar i eit øvre sjikt. Geotekniske grunnundersøkingar i nærområdet syner at ein har marine avsetningar under elevavsetningar. Det er ikkje er påvist kvikkleire, eller sprøbrotsmateriale ved planområdet. Det er ingen kritiske skråningar som fell ned mot planområdet, og området ligg difor ikkje i eit potensielt lausne- eller utløpsområde for kvikkleireskred. Det er føresett forsvarleg fundamentering med utgangspunkt i naudsynt geoteknisk prosjektering iht. TEK17.
Ekstremnedbør og handtering av overflatevatn	Forventningar om periodevis ekstremnedbør krev lokale og gode løysingar for handtering av overvatn. Det er føresett ivareteke gjennom detaljprosjektering av dei tekniske anlegga og utforming av området, samt trygging av naudflaumvegar.

Rådmannen vil understreke at det er svært positivt at arbeidet med å etablere eit verdsarvsenter på Ornes no er kome eit skritt vidare. Rådmannen ser dette som ei viktig etablering, med potensiale for både auka turistverksemd i kommunen generelt og næringsutvikling på Sørsida spesielt. Utviklinga av både folketal og verdiskaping på Sørsida har hatt ein negativ trend over fleire år, og tiltak knytt til verdsarven kan vere med motverke noko av denne negative trenden.

Rådmannen uttrykkjer ei positiv haldning til prosjektet, og innstiller på at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Når det er sagt, så skal ikkje rådmann legge skjul på at han skulle ønskje både at tomta hadde vore større og at prosjektet hadde vist meir parkeringskapasitet på Ornes og ved tomta. Når det gjeld sjølve tomta, så løyser ikkje den meir enn sjølve bygget og hagen dei ser for seg å etablere inntil bygget. Rådmann meiner hagen er ein god ide med mulegheit for å vise landbruk på Ornes.

Dersom ein ser til tomta, så er denne relativt bratt og inneklemt mellom to vegar som gjev veg på tre sider. Dette gjev avgrensa mulegheit for utviding, dersom dette nokon gong skulle bli aktuelt. Utvidingsmulegheitene er inn på dyrka mark, noko som vil legge press på landbruket på Ornes. Det same gjeld i stor grad for parkeringsareal, som ein skulle ønskje det hadde vore noko meir tilgang til i planen. Rådmannen tek likevel inn over seg den prosessen som har vore for identifisere tomt, vurderingane av parkeringsareal knytt opp mot behov, og ikkje minst landskapsinngrep og press på dyrka mark ved utviding av både tomt og parkering.

Rådmann konkluderer med at planforslaget er klart for utlegging til offentleg ettersyn.

Dato: 25.01.20

Jarle Skartun
rådmann

Knut Vidar Svanheld
Plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:

